

Innkalling til Utdanningsutval, FHS

Dato: 6.12.22 Teams møte kl. 09:00-11:00

Medlemmar: Unni Margrethe Uren Aasen, Margaret Søvik, Else Cathrine L Rustad (vara), Hege Almeland Hansen, Hilde Almås Bø (stud.), Maria Knudsen (stud.) (til kl.10:30), Hilde Kristin Tveit, Linda Thue Lydersen (vara) og Cecilie Thaule Løvlid (ref)

Forfall: Johannes Haltbakk, Torill Forbord-NTNU, Ingrid Narum - OsloMet

Gjester: Sak 2/22: Prodekan for samhandling Monica Wammen Nortvedt og Christina Havn, fagansvarleg for internasjonal studentmobilitet FHS

Sak 4/22: Ingrid Faaberg, Koordinator for Studentassistent ordninga ved FHS

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
Referat: Utdanningsutvalet gjekk gjennom mandatet til Utdanningsutvalet, og tok elles saka til vitande. Saker til eventuelt:				
2/22 Status på arbeid med internasjonalisering (O/D)	Vedlegg i Teams:	FHS held på å utarbeid ein handlingsplan for internasjonalisering. Arbeidet så langt vert lagt fram. Vi ber UU FHS om innspel til: <ul style="list-style-type: none">• Presentasjon arbeid med handlingsplanen	Prodekan Samhandling og internasjonalisering orienterar og innleiar til diskusjon.	30 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Referat:

Vi er i avslutningsfasen i utarbeidinga av handlingsplanen. Prodekan for samhandling gjorde greie for arbeidet og gjekk gjennom bakgrunnen for arbeidet med handlingsplanen (PP-presentasjon frå prodekan).

- Ønskje om kartlegging av internasjonale avtalar på FHS
- Handlingsplanen byggjer på relevante dokument i HVL og FHS
- Handlingsplanen vert lagt fram i leiarmøte 14.desember
- Handlingsplanen varer fram til 2025 (ut dekanperioden)

Utdanningsutvalet tek orienteringa til vitande, og har følgjande innspel til saka:

- Utvalet er positive til at dette arbeidet er sett i gang.
- Godt utgangspunkt for institutta til å ta arbeidet vidare. Ved IHO etablerer dei no ei arbeidsgruppe som skal jobbe med tema vidare.
- På masterprogramma vil handlingsplanen vere viktig for å få opp internasjonalisering.
- Vi må tenkje på både bachelor, master og PhD-programma våre, jf. studietilsynsforskrifta.
- Utdfordrande at vi etter pandemien ser vi at færre og færre samarbeidspartar ønskjer å binde seg til 13 veker mobilitet. Fleire og fleire vil ha kortare utvekslingsperioder og nytte andre ordningar, t.d. COIL. Ulikt kva Norge og kva resten av Europa ønskjer kring lengd på utveksling. Det vil også bli sett på moglegheitene som ligg i lengre utvekslingsopphald enn 13 veker. Dette vil bli kommentert i handlingsplanen.
- Vi må få dette inn i dei ordinære strukturane i fakultetet. Samarbeidspartane våre er positive viser tilbakemeldingar i SPR på t.d. IHO. Må kople på kommune- og spesialisthelsetenesta for å nå dei måltala HVL har.
- Viktig å få inn studentar også på teoretiske emne, ikkje berre i praksisemna.
- For studentane er det viktigaste å vite korleis dei reint praktisk skal søke, kor mange plassar er det til dei ulike utvekslingsinstitusjonane, kostnad osv. Studentane synes det er vanskeleg å nytte app'en. Og det ulikt kva som ligg i app'en for dei ulike studieprogramma. Dette må meldes tilbake til AFII.

3/22 Berekraftig og smart studieportefølje (D)	Vedlegg ligg i Teams: Notat til Utdanningsutvalet	Arbeid med utvikling av: <ul style="list-style-type: none"> • Berekraftig og smart studieportefølje • Livslang læring • Digitale emne for å m.a. førebygge forfall Vi ber Utdanningsutvalet om innspel på spørsmåla skissert i notat.	Prodekan og leiar for studieadministrasjonen orienterar og innleiar til diskusjon.	30 min
---	---	---	--	--------

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Referat:

Prodekan gjorde greie for saka og gjekk gjennom notatet.

Utdanningsutvalet har følgjande innspel til saka:

- Veldig viktig å sette dette på dagsorden. Korleis vi dra vekslar på innhald i emne, vi har mange emne som er ganske like. Jobbe meir på tvers, i t.d. MAMET, Dannings-emne og KBP-emne.
- Gå gjennom studieporteføljen og sjå på moglegheitene.
- Viktig å sjå på fleksibilitet, ikkje berre på heiltid, men også deltid, enkeltemne slik at det er mogleg for praksisfeltet å kome inn og ta utdanning samtidig med jobb, samt tidspunkt, korleis det vert undervist, tverrfagleg på tvers av fakultet. Vi må sjå på dette i heile HVL.
- Vi har god erfaring med FHS sine prinsipp for utvikling av studieprogram, kanskje vi skal utvide desse og også få inn fleksibilitet.
- Flexibilitet er viktig, ikkje alle ønskjer å ta ein mastergrad. Fleire ønskjer å ta emne for emne. Viktig å kunne gjere dette for dei i praksisfeltet.
- Gode digitale ressursar som kan nyttast når studenten kan og har tid.
- Noko er mogleg, men ikkje alt. Dette må vi kanskje sjå på ift fleksibilitet på bachelor. Vi har mange utdanningar med nasjonale krav, som gjer ting vanskeleg. Sjå om det er mogleg å få til felles læringsutbyter i nokre emne for helse- og sosialarbeidarutdanningane.
- Det er ei grense for kor mykje vi kan over booke ift ressursane. Flexibilitet kan ikkje skje på bekostning av kvalitet.
- Praksis periodar på deltid kan vere krevjande (strekke ut i tid).
- Vi skal kanskje ikkje begynne med bachelorprogramma, masterprogramma er lettare å få til med stor fleksibilitet.
- Progresjon: kanskje vi må tenkje 25% progresjon.
- Vi må sette dette i system og ha ein felles oppfatning av rammeverk.
- Studentrepresentant på sjukepleie spelte inn at HVL luker ut ganske mange unge når det er krav om 2 års praksis frå kommunen for å ta deltid/desentralisert sjukepleiarutdanning. Kanskje vi bør sjå på moglegheita for å ta vekk dette kravet? Det er viktig med smidigare løp frå bachelor til masternivå på IHO. Det vert jobba med å få vekk dette kravet for å gje auke berekraft og fleksibilitet.
- Ny eigenbetalingsforskrift og ny finansieringsordning for høgare utdanning vil også sette nokre krav til studieportefølja.

<p>4/22 Orienteringar</p>	<p>Vedlegg ligg til slutt i saklista</p>	<p>Utdanningsutvalet får desse sakene til orientering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Opptakstall 2022 • Enkeltemne-opptak • Studentassistent-ordninga (Ingrid Fåberg) • Ny forskrift om studium og eksamen ved HVL (PP-vedlegg) 	<p>Prodekan orienterar</p>	<p>30 min</p>
----------------------------------	--	--	----------------------------	---------------

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

		<ul style="list-style-type: none"> • Læringsmiljøutvalet 15.9.22: SHOT-undersøkinga • Studiebarometeret 2022 		
<p>Referat: Utdanningsutvalet tek orienteringane til vitande.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Studieportefølje: fyllingsgrad på godt over 1 på dei fleste utdanningane. (Tala frå campus Førde er ikkje rette p.g.a. opptak også i januar). Nokre utdanningar har kanskje kunstig høge måltal. Vedr. masterprogramma: Deler av praksisfeltet etterspør ikkje master og dei som tek det får ikkje utteljing. Burde vi hatt felles strategi for marknadsføring og rekruttering? • Studentassistent-ordninga: Ingrid Fåberg gjorde greie for ordninga i FHS. PP blir lagt i Teams. <ul style="list-style-type: none"> - Eit viktig utviklingsarbeid i fakultetet, og fakultetet og institutta ønskjer å utvikle denne ordninga vidare. - Det er ulikt kor mange som har søkt på dei ulike utdanningane. Det er derfor store skilnader på tal studass på dei ulike utdanningane. Det er rom for å tilsette fleire dersom vi får fleire søknadar. - Rekruttering: Ved IHO er det vanskeleg fordi studentane vel ei ekstra vakt på sjukehuset framfor å jobbe som studass. Vi ser at der faglege er aktive er rekrutteringa lettare å få til, og tidleg rekruttering er viktig. Årets studass kan vere ein del av rekrutteringa til neste studieår. Det er den fagtilsette som vel ut kven som skal vere studass. Utdanningane trengs i rekrutteringsarbeidet og det er ulikt tidspunkt rekrutteringa må skje, m.a. av omsyn til praksisperiodar. - Få fram det som fungerer bra og byggje vidare på det, og ikkje minst dele dette på tvers. - Faste grupper og faste treff kan gjere det enklare å få det i gang. Ulike organisatoriske utfordringar ift små vs. større grupper. Mat gir godt oppmøte. • Læringsmiljøutvalet 15.9.22: SHOT-undersøkinga. Prodekan gjorde kort greie for innhald og resultat. • Studiebarometeret 2022: Studiebarometeret vart avslutta søndag 27. november. HVL enda opp med ein total svarprosent på 49 (44% gjennomført, 5% nokre spørsmål), medan den nasjonale svarprosenten var på 39 (34% gjennomført, 5% nokre spørsmål). FHS hadde ein svarprosent på 44% fullført og 5% påbegynt. • Ny forskrift om studium og eksamen ved HVL: Fekk ikkje gått gjennom denne i møte 				
5/22 Eventuelt	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> • Felles møte med FOUI-utvalet • Neste møte xx. Februar 2023 	Prodekan innleier	15 min
<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Felles møte med FOUI-utvalet i februar. Meld tilbake til Margarethe Bittins. • Neste møte 7. Februar 2023. Sjekk om møtedato passar for FoUI-utvalet. 				

Orienteringssaker

Status opptak 2022

Samordna opptak:

FAKULTET	INSTITUTT	STUDIENIVA	Studieprogram	CAMPUSKO..	Studiep.. 2022	Søkere 2022	1.priori.. 2022	Kvalifisert 1.pri. 2022	pr studieplas 2022	Fatt tilbud 2022	Svart ja 2022	Møtt 2022	Registr.. 2022	Fyllings.. 2022	
10 Fakultet for helse- og sosialvitenskap	01 Institutt for helse- og omsorgsvitenskap	390 Bachelor studium	BSYK Bachelor i sykepleie	BERGEN	202	2 979	674	579	2,9	376	248	220	219	1,1	
				FORDE	148	1 313	198	138	0,9	219	153	111	108	0,7	
				HAUGESUND	127	1 148	164	125	1,0	215	142	135	135	1,1	
				STORD	92	973	115	74	0,8	176	103	93	91	1,0	
	02 Institutt for helse og funksjon	390 Bachelor studium	BERG Bachelor i ergoterapi	BERGEN	40	973	92	92	2,3	109	55	48	49	1,2	
				BFYS Bachelor i fysioterapi	BERGEN	85	2 421	476	462	5,4	217	114	89	89	1,0
				BRAD Bachelor i radiografi	BERGEN	40	1 034	122	115	2,9	110	58	53	52	1,3
	03 Institutt for velferd og deltaking	390 Bachelor studium	BBARN Bachelor i barnevern	SOGNDAL	40	859	89	77	1,9	113	53	46	46	1,2	
				BSAB Bachelor i sosialt arbeid	BERGEN	60	1 627	399	370	6,2	104	70	67	65	1,1
			BVPL Bachelor i vernepleie	SOGNDAL	45	722	74	69	1,5	92	54	50	50	1,1	
				BERGEN	70	1 381	266	247	3,5	134	89	85	81	1,2	
				SOGNDAL	30	612	58	57	1,9	73	40	39	40	1,3	
	BVPLD Bachelor i vernepleie, deltid	HAUGESUND	27	787	183	159	5,9	74	51	41	41	1,5			
			SOGNDAL	30	851	148	126	4,2	77	46	41	40	1,3		

Studentassistent-ordninga

Studierettleiar ved FHS, Ingrid Faaberg er ansvarleg for Studentassistent-ordninga i fakultetet.

Meir om ordninga her: [Studentassistent ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](https://www.hvl.no/foer-og-etteropptak/foeropptak/foeropptak-2022/foeropptak-2022-samordna-opptak)

Læringsmiljøutvalet 15.9.22: SHOT-undersøkinga

Frå pressemeldinga: *Studentsamskipnadene Sammen, Sit og SiO står bak Norges største undersøkelse om studenters helse og trivsel, som gjennomføres av Folkehelseinstituttet. I dag ble 2022-rapporten lansert. Undersøkelsen er gjennomført i februar til april i år.*



Vedlegg sak 5 -



Vedlegg sak 5 -



Vedlegg sak 5 -

Pressemelding SHoT | SHOTrapport2022 (1) Læringsmiljøutvalget.

Studiebarometeret 2022

Studiebarometeret vart avslutta søndag 27. november.

HVL enda opp med ein total svarprosent på 49 (44% gjennomført, 5% nokre spørsmål), medan den nasjonale svarprosenten var på 39 (34% gjennomført, 5% nokre spørsmål). Me har ganske mange studieprogram med høg svarprosent, men og ein del med veldig låg svarprosent.

Det endelege svarbarometeret ligg her: <https://survey.studiebarometeret.no/report/shared/render/bc1a535d-1a49-4eb9-9002-6dc0a54c1280>

Ny forskrift om studium og eksamen ved HVL (PP-vedlegg)

Viktige endringar i forskrift om studium og eksamen ved HVL. Ny forskrift er gjeldane frå 1.august 2022.



Vedlegg sak 5 - Ny
forskrift HVL.pptx